



Kultur- og likestillingsdepartementet
Sendt inn via høringsportal på regjeringen.no

Deres referanse: 22/5842
Vår referanse: 2023/150
Dato: 15.01.2024
Publikasjonsnr.: NIM-H-2024-003

Høringsvar til NOU 2023: 20 «Tegnspråk for livet. Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk»

1. Innleiing

Me viser til brevet frå Kultur- og likestillingsdepartementet frå 1. september 2023 der *NOU 2023: 20 «Tegnspråk for livet. Forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk»* blei sendt på høyring.

Teiknspråkutvalet har levert ei omfattande og grundig utgreiing, med ei rekkje tilrådingar om korleis styresmaktene betre kan realisere tilgangen til og retten til teiknspråk. Utvalet fremjar seks store løft. Desse er å sørgje for opplæring i teiknspråklege miljø, sikre tidleg tilgang til teiknspråk, styrkje kvaliteten i opplæringa, heve den teiknspråklege kompetansen, sikre tilgang til likeverdige tenester, og å sørge for meir forskning på norsk teiknspråk og språkdokumentasjon.

NIM har ikkje gått nærare inn i alle vurderingane og tilrådingane til utvalet kjem med. I dette høyringsvaret vil kort framheve einskilde delar av utgreiinga. Me vil understreke at høyringsvaret vårt ikkje er uttømmende når det gjeld menneskerettslege sider i utgreiinga.

2. Behov for ei menneskerettsleg tilnærming i oppfølginga

Utgreiinga går gjennom stoda for tilgangen som teiknspråkbrukarar har til teiknspråk innanfor ei rekkje ulike samfunnsområde og sektorar. Blant dei er helse- og omsorgssektoren, utdanningssektoren, asyl- og innvandringssektoren, kultur og samfunnsliv, og tilgangen til teiknspråk i samfunnet elles.

NIM har ikkje hatt høve til å gå grundig inn i vurderingane utvalet har gjort på alle desse felt, men ynskjer overordna å framheve at utgreiinga rører ved ei rekkje ulike menneskerettar som teiknspråkbrukarar har innanfor desse samfunnsområda. Sentralt i denne samanhengen står særleg rettane som mellom anna personar med høyrslenedsetjingar har etter FNs konvensjon om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD).

Eit gjennomgåande tema som vert løfta fram i utgreiinga er mangel på informasjon på, og høve til å kunne kommunisere på, teiknspråk. CRPD artikkel 9 om tilgjenge forpliktar styresmaktene til å sikre at personar med funksjonsnedsetjingar mellom anna har

tilgang til informasjon og kommunikasjon. Dette inkluderer informasjon og kommunikasjon på teiknspråk.¹

Vidare forpliktar CRPD artikkel 21 om ytringsfridom styresmaktene til å treffe tiltak for å sikre at personar med funksjonsnedsetjingar kan utøve ytrings- og meiningsfridomen. Ein del av ytringsfridomen er informasjonsfridom. Styresmaktene skal sørge for at informasjon som er tiltenkt ålmenta skal verte gitt i tilgjengelege format. Vidare skal styresmaktene oppmuntre media til å gjere tenestene sine tilgjengelege til mellom anna personar med funksjonsnedsetjingar.

I tillegg til at dette er sjølvstendige rettar, er tilgjenge på informasjon på og høve til å kommunisere på teiknspråk ein føresetnad for å kunne realisere andre menneskerettar som teiknspråkbrukarar har, både etter CRPD og andre menneskerettskonvensjonar. Blant dei er retten til eit sjølvstendig liv og til å vere ein del av samfunnet, retten til å kunne ta del i det politiske og offentlege liv, retten til å ta del i det kulturelle liv, samt vernet mot diskriminering på grunn av funksjonsnedsetjing. Dette har me gjort nærare greie for i rapporten «Funksjonshemmedes ytringsfrihet – åtte utfordringer» frå 2022, som også utvalet viser til.² Vidare vert også barn som er teiknspråkbrukarar eller barn av teiknspråkbrukarar sine rettar etter både FNs barnekonvensjon og CRPD aktualiserte.

NIM meiner det er viktig at departementet har ei menneskerettsleg tilnærming til oppfølginga av utgreiinga. Etter NIM sitt syn er utvalet sine forslag til tiltak på dei ulike områda eigna til å betre realiseringa av rettane teiknspråkbrukarar har, både etter CRPD og andre menneskerettskonvensjonar.

3. Kommunalt menneskerettsansvar

Utvalet fremjar ei rekkje tilrådingar som gjeld ulike tenester som kommunane per i dag har ansvaret for å sikre, der det er naudsynt at rettane teiknspråkbrukarar har etter mellom anna CRPD vert ivaretekne. Kommunane har eit sjølvstendig menneskerettsansvar etter Grunnlova § 92. Det følgjer av føresegna at dei statlege styresmaktene skal respektere og tryggje menneskerettane etter både Grunnlova og dei internasjonale menneskerettskonvensjonane som Noreg er bunden av. Denne plikta gjeld også for kommunar og fylkeskommunar.³

NIM meiner det er viktig for realiseringa av rettane til personar med funksjonsnedsetjingar at kommunane vert gjort bevisst på sitt ansvar for å sikre menneskerettane deira. Dette har me mellom anna skrive om i rapporten «Kommuner og menneskerettigheter» frå 2021, der me søkte å synleggjere utfordringar og behov

¹ Sjå CRPD artikkel 2.

² Rapporten er [tilgjengeleg her](#).

³ Dette følgjer av ei systembetragtning, og vart stadfesta i HR-2022-401-A (Tolga).

som finns for å styrke det lokale menneskerettsarbeidet.⁴ I tillegg kom me i desember 2023 med eit nettkurs for folkevalde og tilsette i kommunar for å gi opplæring om kva for eit menneskerettsansvar kommunane har og korleis det kan sikrast lokalt.⁵

NIM meiner det er viktig at det i samband med oppfølginga av utgreiinga vert sett i verk tiltak for å sikre at kommunane er tilstrekkeleg rusta til å ivareta det sitt menneskerettslege ansvar dei har overfor teiknspråkbrukarar, mellom anna gjennom tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse.

4. Avslutning

Samla sett meiner NIM at utgreiinga gir departementet eit godt grunnlag for vidare arbeid med å styrke realiseringa av rettane til teiknspråkbrukarar har, etter både CRPD og andre menneskerettskonvensjonar. NIM meiner det er viktig at departementet har ei menneskerettsleg tilnærming til oppfølginga av utvalet sine forslag.

I utgreiinga gir utvalet uttrykk for at til rettane personar med funksjonsnedsetjingar må verte sikra på høgst mogleg nivå, og at det derfor trengs særleg gode grunnar for å ikkje inkorporere CRPD i menneskerettslova. NIM delar utvalet sin ståstad når det gjeld inkorporering av CRPD.

Me stiller oss gjerne til disposisjon for utdjuing og diskusjon i samband med oppfølginga, dersom det er ynskjeleg.

Venleg helsing
for Noregs institusjon for menneskerettar

Gro Nystuen
Assisterande direktør

Mina Haugen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

⁴ Rapporten er [tilgjengeleg her](#).

⁵ Kurset er [tilgjengeleg her](#).